UiT

NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Søknadsskjema for akkreditering
Master i jordmorfag

Akkreditering av nye bachelor- og masterprogram[1] ved UiT Norges arktiske universitet

Kunnskapsdepartementet (KD) og Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) innførte fra og med 2017 nye krav for oppretting og akkreditering av studietilbud[2], herunder også utvidede krav til *dokumentasjon* av institusjonens vurderinger som danner grunnlag for de akkrediteringsvedtak som fattes[3]. Kravene fra KD er gitt i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning (studiekvalitetsforskriften), og kravene fra NOKUT er gitt i Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskriften). Merk at det i begge forskrifter er fastsatt særskilte og skjerpede krav for akkreditering av mastergradsprogram.

Dette skjemaet er både en veiledning til og en sammenstilling av gjeldende nasjonale akkrediteringskrav, samt UiTs egne krav for bachelor- og masterprogram[4]. Bruken av skjemaet skal sikre at alle påkrevde forhold er tilstrekkelig gjort rede for og dokumentert på en systematisk måte som grunnlag for universitetsstyrets vurderinger og eventuelt vedtak om akkreditering. Skjemaet er utformet på bakgrunn av NOKUTs dokument Veiledning om akkreditering av studietilbud (mai 2017), og KDs rundskriv NR. F-03-16 (sistnevnte utdyper hensikten og forståelsesgrunnlaget bak gjeldende krav til mastergradsprogram). I utfylling av skjemaet **må** fakultetene legge til grunn den veiledning og de presiseringer som gis i disse to dokumentene, i tillegg til nevnte forskrifter med merknader. NOKUTs tilsynsrapporter er også nyttig som utdyping av hva som omfattes i de ulike kravene, se https://www.nokut.no/publikasjoner/akkreditering-og-tilsyn--hoyere-utdanning/

Utfylt skjema skal vedlegges fakultetets søknad om akkreditering av nye bachelor- og masterprogram. Dersom skjemaet ikke er komplett utfylt, kan det være grunnlag for å avvise søknaden. Konsekvensen kan da bli at saken ikke kan fremmes for universitetsstyret tidsnok for ønsket oppstart av studieprogrammet. Ansvaret for at søknadsskjemaet er komplett utfylt og kvalitetssikret før den oversendes universitetsdirektøren ligger hos faglig ledelse ved det studieprogramansvarlige fakultetet. Merk spesielt at en stor del av kravene som skal være vurdert og dokumentert som forutsetning for akkreditering, er faglige vurderinger som må gjøres av fagmiljøet og faglig programledelse (og dermed ikke kan utarbeides av administrativt ansatte).

Særlig om studieretninger: studieretninger ved UiT er i noen tilfeller å regne som egne studieprogram, mens de i andre tilfeller er å regne som fordypninger innenfor et studieprogram. Akkreditering av studieretninger vil dermed i noen tilfeller måtte gjøres på bakgrunn av komplett dokumentasjon av alle punkter i søknadsskjemaet, mens det i andre tilfeller vil være tilstrekkelig å dokumentere utvalgte punkter. Fakultetene bes om å rådføre seg med Avdeling for utdanning for nærmere veiledning.

---

[1] Dette skjemaet gjelder ikke ved akkreditering av fellesgradsprogram.
[2] Departementets og NOKUTs forskrifter omfatter både studieprogram og øvrige studietilbud, derfor brukes termene «studiet» og «studietilbudet» i disse forskriftene. Dette søknadsskjemaet omhandler kun bachelor- og masterprogram, og termen «studieprogram» er benyttet så langt det er mulig.
[3] Akkreditering er en faglig bedømming av om et studietilbud fyller standarder og kriterier gitt av departementet og NOKUT.
[4] Avdeling for forskning og utviklingsarbeid må kontaktes angående krav og kriterier for ph.d.-program.

Strategisk forankring

- Gjør kort rede for hvordan dekanatet har gjort en strategisk vurdering av det omsøkte studieprogrammet og dets faglige profil - både med henblikk på fakultetets og UiTs strategi, samt universitetets eksisterende studieportefølje. Dersom opprettingen kan forankres strategisk til UiTs utviklingsavtale med KD, bør dette omtales.

Jordmorutdanninga er ei profesjonsutdanning som byggjer på bachelor i sjukepleie. UiT Noregs arktiske universitet (UiT) har i dag eit tilbod om vidareutdanning i jordmorfag på 120 studiepoeng. UiT har eit kandidatkrav på 20 jordmødrer i året. Utdanninga er fulltids studium med årleg opptak.

I Strategiplanen for Det helsevitskaplege fakultet (2014-2020) er det eit mål å utvikle vidareutdanningar til masterstudium mellom anna grunna uklar plassering i gradsystemet. Jordmorfag- og verksemd er eit omfattande og ansvarsfullt fagområde. Det er høge krav til fagleg og etisk ansvarleg yrkesutøving, omstilling og nytenking i dagens helseteneste. Masterkompetanse i form av avansert og spesialisert kompetanse i jordmorfag og -verksemd, kunnskapsbasert praksis, fagleg leiing, fagutvikling, kvalitetsforbetring og relevant forsking og metodekunnskap vil vera viktig for å møte framtidas krav til jordmødrer. Fullførd masterutdanning vil gje grunnlag for autorisasjon som jordmor og opptak på ph.d studium. Master i jordmorfag vil med det inngå i eit studieløp på 3+2+3 år i tråd med Bologna prosessen. Masterprogrammet vil vera i tråd med faglege krav i Rammeplan med forskrift for jordmorutdanning, masterforskrift og krav til kvalitetssikring og –utvikling i høgare utdanning.

Kostnader og finansiering

Merk: Dersom det kreves finansiering utenfor fakultetets eksisterende budsjettramme, må finansieringen være avklart med universitetsledelsen <u>før</u> akkrediteringssøknaden fremmes. For studieprogram som skal finansieres helt eller delvis med eksterne midler må fakultetet, i samråd med Avdeling for økonomi, besørge korrekt forvaltning av budsjett og avtaleverk i henhold til Retningslinje for finansiering av studietilbud og kurs.

- Gjør rede for kostnadene for oppretting og drift av det nye studieprogrammet (inklusive ev. behov for utvidelse av faglig- og/eller administrativ stab, infrastruktur, støttefunksjoner og utstyr).

Jordmorutdanninga er i dag ein fulltidsstudie på 120 studiepoeng. Denne ramma vil ikkje bli endra med oppretting av masterstudie. Master i jordmorfag vil dermed ikkje medføre auka utgifter for jordmorstudenten.

Oppretting av masterprogram vil fortrinnsvis blir forsøkt gjennomførd med eksisterande økonomisk ramme for jordmorutdanninga. Jordmorutdanninga har i dag fire årsverk med fem tilsette i fast stilling. Institutt for helse og omsorgsfag ved instituttleiar har løyvd lønnsmidlar til ei 20 % Professor II stilling, midlertidig i 3 år frå hausten 2018. Stillinga er i utlysingsprosess. Stillinga vil supplere fagmiljøet med professorkompetanse og vil gi eit viktig bidrag i undervisning, forsking og utviklingsarbeid i masterprogrammet. Det blir og jobba for å skaffe midlar til 1-2 ph.d stillingar over fire år med 25 % undervisningsplikt. Fagmiljøet jobbar aktivt med å sjå på løysingar for best mulig bruk av undervisningsressursar.

- Gjør rede for hvordan studieprogrammet skal finansieres:

✓ Innenfor fakultetets eksisterende budsjettramme, omfordeling av eksisterende studieplasser (oppgi hvilke studieplasser som omfordeles, og hvorfor):

Studieprogrammet blir finansiert gjennom omfordeling av studieplassar frå vidareutdanning i jordmorfag til master i jordmorfag.

Studentrekrutteringsgrunnlag

- Gi en vurdering av målgruppe og studentrekrutteringsgrunnlag, forventet studentrekruttering, og samfunnets behov for den aktuelle kompetansen. Fakultetet skal stipulere det totale antallet studenter man ser for seg på studieprogrammet. Gjør også rede for hvorvidt det foreligger noen eksterne vurderinger av arbeidsmarked og samfunnsbehov for det omsøkte studieprogrammet (f.eks. markedsundersøkelser, redegjørelser fra relevante aktører, bekreftelser fra arbeidslivet).

Målgruppe
Målgruppa for Master i jordmorfag er sjukepleiarar som ønskjer å utdanne seg til jordmor.

Rekrutteringsgrunnlag
Jordmor er ein utdanningsveg for sjukepleiarar. Jordmorutdanninga ved UiT har i perioden 2012-2017 hatt eit søkjegrunnlag på rundt 80 pr år, av desse har 45-67 vore kvalifisert til studiet. Det er uvisst om rekruttering og søkjegrunnlag vil bli påverka av oppretting av masterstudie.

Samfunnsmandat
UiT har eit samfunnsmandat om å sikre nødvendig jordmorkompetanse i landsdelen. Det er ikkje, så langt jordmorutdanninga er kjend med, gjennomført kartlegging av behov for nyutdanna jordmødrer i Nord-Noreg. Vårt kjennskap til praksisfeltet er at det er behov og mangel på jordmødrer i Finnmark og Nordland, medan tenesta et betre dekka i Troms. Nasjonalt er det mangel på jordmødrer. Til dømes erfarer vi at Helseføretak på Sør-Vestlandet og delar av Sørlandet aktivt rekrutterer nyutdanna jordmødrer frå UiT. Universitetet i Stavanger er etter initiativ frå Stavanger universitetssjukehus i arbeidsprosess for å

opprette eiga jordmorutdanning i byen grunna stor mangel på jordmødrer i regionen. Jordmor er i dag ei pålagt yrkesgruppe i kommunen. Jordmortenesta er underdimensjonert i mange kommunar og må byggast ut for å kunne ivareta anbefalingane i faglege retningsliner for tenesta. Tromsø kommune åleine har estimert eit behov for 3 årsverk for å kunne ivareta faglege føringar for barselomsorg i kommunen.

- Angi og begrunn hvilket studenttall som vil gi et tilfredsstillende læringsmiljø. Vurderingen skal gjøres i forhold til å både kunne etablere og opprettholde et tilfredsstillende læringsmiljø. Eventuell overlapp og intern konkurranse om rekruttering av studenter i forhold til eksisterende studier ved UiT og andre institusjoner, skal det også gis en vurdering av.

Jordmorutdanninga har dei siste åra hatt studentkull på 14-20 studentar. Utdanninga vektlegg studentaktive læringsformer inkludert refleksjon og diskusjon for god samarbeidslæring. Studentevaluering frå dei siste fire åra viser positiv vurdering av lærings- og psykososialt miljø. Jordmorstudentar gjennomfører praksis i heile Nord-Noreg. Tilbakemelding frå studentane viser at to studentar på lokalsjukehus er gunstig for læringsmiljøet. Studentar som er åleine på sin praksisplass viser til at uformell kontakt med medstudentar er viktig.

Opptakskapasitet og dimensjonering

- Beskriv og begrunn fakultetets beregning av opptakskapasitet, samt vurdering av behov for eventuell adgangsregulering[5]. Kapasiteten skal ta hensyn til forventet studentrekruttering, undervisningsressurser, undervisningslokaler, utstyrsbehov, samt enhetens undervisningsbudsjett. Dimensjoneringen av opptakskapasiteten ved det enkelte program må også ses i sammenheng med det totale antall studenter fakultetet kan ta opp.

Opptakskapasitet
Jordmorutdanninga er i dag dimensjonert for opptak i tråd med kandidatkravet på 20. Utdanninga har egna undervisningslokale i form av klasserom. Det er behov for å fornye og utvide noko på utstyr retta mot ferdighetstrening og simuleringstrening. Master i jordmorfag vil ha behov for auka tilgang på FOSS (ferdighets – og simuleringssenteret) i forhold til dagens bruk. Det krev koordinering med andre utdanningar på fakultetet. Tilgjengelege undervisningsressursar er knappe. Fagmiljøet ser på konkrete løysingar for best bruk av tilgjengelige ressursar. Til dømes vil det vera føringar for at masteroppgåva skal skrivast i gruppe på to studentar.

[5] Et studium kan adgangsreguleres hvis det er stor konkurranse om studieplassene, eller dersom det ikke kan tas opp mer enn et visst antall studenter på grunn av begrensinger i undervisnings- eller veiledningskapasiteten. Det er universitetsstyret som bestemmer hvilke studier som skal adgangsreguleres.

Praksis er ei aukande utfordring med tanke på utdanningskapasitet. Jordmorstudentar har kvantitetskrav på fagleg aktivitet i praksisstudiar. Mellom anna skal studenten sjølv ta imot minimun 50 born i studietida. I Helse-Nord har det vore minkande fødselstal over fleire år frå 6134 fødslar i 1999 til 4580 i 2017 (Medisinsk fødselsregister). Det har vore størst nedgang i fødselstal på fødestover og lokalsjukehus. Fram til 2013 nytta jordmorutdanninga fødetovene i Lofoten, Midt-Troms og Alta til fødepraksis i 1.semester. Fødestovene har i dag dessverre for få fødsler til å kunne brukast til fødepraksis.

Opptak må sjåast i forhold til tilgang på praksisplassar og då særleg relatert til fødepraksis. Helse-Nord har dei siste åra klart å levere 19-21 praksisplassar på føde-/barselavdelingar for våre studentar. Jordmorutdanninga si faglege vurdering er at helseføretaka i regionen maksimalt kan ta imot 21 jordmorstudentar i fødepraksis. For å nå dette talet må dei to minste lokalsjukehusa ta imot ein student kvar (Finnmarkssykehuset Kirkenes og UNN-Narvik), fødeavdelingar med meir enn 250 fødslar/år (Finnmarkssykehuset Hammerfest, UNN- Harstad, Nordlanssykehuset Stokmarknes, Helglandsykehuset Mo i Rana og Helgelandssykehuset Sandnessjøen) må ta imot to studentar og UNN- Tromsø og Nordlandsykehuset Bodø må ta imot hhv 5 og 4 studentar kvar. Vi ser at fleire lokalsjukehus signaliserer at dei kan ta imot ein student, ikkje to. Grunngjeving at det ikkje er kapasitet til to studentar på toppen av internopplæring, kvalitetssikring og andre interne forhold.

Tilgang på praksisplassar er ikkje noko jordmorutdanninga kan løyse åleine. Utdanninga har derfor planer om å invitere avdelings- og rettleiingsjordmødrer frå alle våre helseføretak til eit seminar hausten 2018 for å diskutere vårt felles ansvar og gode løysingar for utdanning av nye jordmødrer. Vi ser det er store skilnader i Noreg på studenttal versus fødselstal i dei ulike regionane og for dei ulike jordmorutdanningane. Det er eit ønskje frå utdanninga at praksis og tilgang på praksisplassar blir løfta til eit nasjonalt nivå. Utfordring relatert til praksiskapasitet vil vera det same for eit fortsatt vidareutdanningstilbod som ved eit masterstudie.

Jordmorutdanninga har erfaring med at det er avvik mellom antall som svarer ja på opptak og møtte studentar. Tilgang på praksisplassar er eit reelt hinder for overbooking. Kombinasjonen av desse faktorane gir ein risiko for at kandidatkravet ikkje blir møtt. Fagmiljøet ser på ulike løysingar for å redusere avviket.

Årsplanlegginga tar høgde for at begge kull ikkje kan gjennomføre fødepraksis samstundes.

Nord-Norsk og samisk opptakskvote
Jordmorutdanninga har i dag ei Nord-Norsk kvote på 80 %, inkludert 10 % samisk kvote. Fagmiljøet ønskjer å behalde kvoteopptak uendra inntil vidare. Grunngjeving for dette er at det ikkje er gjennomførd noko evaluering av ordninga. Vi manglar dermed nødvendig kunnskap på konsekvens av kvoteopptak og eventuell endring av denne. Fagmiljøet anbefaler at ordninga gjennomgår ein brei evaluering med fokus på geografisk busettingsmønster og karakternivå på opptatte studentar før endringar blir vurdert.

Opptakskrav
Opptakskrav for master i jordmorfag er i tråd med krav i rammeplan med forskrift for jordmorutdanning.

I høyringssvar frå kvinneklinikken på UNN er det anbefalt eit karakterkrav på C-nivå frå bachelor. Ein gjennomgang av opptakskrav frå jordmorutdanningane i Noreg (pr. aug 2018) viser at master i jordmorfag ved OsloMet og Universitetet i Sør-Øst Norge har C- som minstekrav. Master i jordmorfag ved Høgskulen i Bergen og jordmorutdanninga ved NTNU har ikkje minstekrav på karakter. Universitetet i Stavanger er i søkjeprosess om å opprette master i jordmorfag. I den foreløpige studieplanen deira er det ikkje lagt inn karakterkrav. IHO har ikkje tradisjon for å krevje C som minstekarakter ved opptak til masterstudium. Fagmiljøet har diskutert innspelet og ønskjer ikkje eit slik minstekrav på noverande tidspunkt då vi meiner det ikkje er fagleg godt nok utreda med tanke på parameter som tal på kvalifiserte søkjarar og gjennomføringsemne.

Kvinneklinikken gir vidare innspel på at det er behov for tydlegare krav til obligatorisk sjukepleiepraksis og at denne bør vera spissa inn mot utvalte fagretningar i form av ekstrapoeng ved opptak. Dette er diskutert med fagmiljø og instituttleiar på IHO. I praktis vil ei ordning med individuell vurdering av konkret yrkeserfaring vera ressurskrevjande og vanskelig å gjennomføre. Fagleg er det heller ikkje opplagt kva praksiserfaring som gir det beste grunnlaget for jordmorstudiet. Jordmorfaget er omfattande med stor bredde i det kliniske felt. Erfaringskunnskap som kvinneklinikken framhevar som særleg nyttig er ikkje nødvendigvis det same som kommunehelsetenesta vil vektlegge. Forslaget er ikkje implementert i studieplanen.

Kvalitetssikring, kvalitetsutvikling og videre oppfølging

Merk: Et system for fagfellevurdering skal innføres ved UiT i sammenheng med det reviderte kvalitetssystemet. I påvente av dette, ber vi fakultetene selv gi en vurdering av hvordan den faglige kvalitetssikringen av det omsøkte studieprogrammet er gjort. For eventuelle samarbeid med eksterne aktører, skal rammene for samarbeid samt administrativ- og faglig ansvarsdeling være særlig godt kvalitetssikret. UiT kan verken delegere det administrative- eller det faglige ansvaret til ekstern part.

- Gi en vurdering av hvordan kvalitetssikringen av faglig innhold, faglig nivå, indre faglig sammenheng og faglig progresjon er gjort for det omsøkte studieprogrammet, og beskriv hvordan dette skal følges opp i studieprogrammets videre drift. Eventuelle eksterne bidrag skal tas med (for eksempel høring, fagfellevurdering, bruk av representanter fra profesjons-/arbeidsliv m.v).

Fagleg arbeid og prosess
Fagmiljøet starta diskusjonane kring aktuell søknad om master i jordmorfag i 2016-2017. Arbeidet stod deretter stille hausten 2017 grunna ledig stilling og ledig studieleiarfunksjon ved utdanninga. Start på formell prosess var i januar 2018 (søknad til dekan / trinn 1 i prosedyre for oppretting av studieprogram). Det er gitt munnleg positiv tilbakemelding på søknaden ved prodekan utdanning Geir Lorem. Frå januar har arbeidsgruppa jobba intensivt med møte kvar 2-3 veke. Alle føringar i studieplanen og faglege val er diskutert og avklart i felles møter. I Noreg tilbyr OsloMet, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Sør-Øst Norge masterprogram i jordmorfag. Arbeidsgruppa har innhenta studieplanar og emneskildringar frå alle for å få idear og døme på fagleg gode løysingar.

Studiekonsulent Janne Marlen Andersen (IHO) og rådgivar Verena Voltering (HelseFak) er konsultert undervegs i studieadministrative spørsmål.

Følgjande medlemar har arbeidd med det faglege innhaldet (arbeidsgruppe):

- Sigrun Kongslien (studieleiar / universitetslektor jordmorutdanning)
- Anne-Lise Thoresen (fyrstelektor jordmorutdanning)
- Solrunn Hansen (fyrsteamanuensis jordmorutdanning)
- Gry Skogheim (universitetslektor jordmorutdanning)
- Heidi Elvemo (universitetslektor jordmorutdanning)
- Marie Engdal Nygård (jordmor UNN, kombinert stilling UNN-UiT)

Arbeidsgruppa har brei kompetanse innan klinisk jordmorfag, pedagogikk, undervisning, fagleg forbetringsarbeid, prosjektarbeid og forsking. Gruppa innehar yrkeserfaring frå heile det jordmorfaglege feltet, i tillegg til lang erfaring frå undervisning, rettleiing og FOU aktivitet på UiT.

Styringsgruppe
I februar 2018 vart det oppretta ei ekstern styringsgruppe for master i jordmorfag. UiT utdannar jordmødrer til heile Nord-Noreg. Helse-Nord og KS vart derfor bedt om å utpeike representantar frå praksisfeltet. To brukarorganisasjonar vart kontakta, Norske kvinners sanitetsforening og Norges Kvinne- og familieforbund. Begge foreiningane er aktive samfunnsdebattantar innan kvinne- og familiepolitikk og kvinnehelse der svangerskaps, fødsels- og barselomsorg er eit av fleire satsingsområde. Kvinne og familieforbundet lukkast ikkje i å rekruttere utsending til styringsgruppa. Tillitsvalte for jordmorstudentane fekk i oppdrag å organisere studentrepresentant på vegne av klassen. Professor og representant for UH-sektoren er utpeika via studieleiar for MA jordmor og VU helsesøster ved OsloMet.

Medlemmane er:
- Elisabeth T. Swärd, forskingsansvarlig og seniorrådgjevar Norske kvinners sanitets- forening (brukarutsending)
- Ellen Blix, professor og jordmor OsloMet Storbyuniversitetet
- Gro Lieben Kvalberg, kommunejordmor Storfjord og Balsfjord kommuner (KS-utsending)
- Helen Nørstebø, jordmorstudent UiT Noregs arktiske universitet (studentutsending)
- Inger Lill Kvandal, jordmor UNN-Narvik (utsending frå Helse-Nord)

Styringsgruppa har hatt to møte (28.februar og 6.april) med studieleiar Sigrun Kongslien (jordmorutdanning) og avdelingsleiar Nina Foss (IHO). På møta er det gitt råd og rettleiing på oppbygging og fagleg innhald i masterstudien og på formuleringar i studieplanen og emneskildringane. Styringsgruppa har gitt konstruktive innspel som er tatt med vidare i det fagelge arbeidet.

Masterstudiet i jordmorfag har og vore presentert og diskutert på to møte i overordna styringsgruppe for masterprogram i helsefag våren 2018 i lag med fysioterapi og helsesøsterfag. Instituttstyret på IHO er orientert om arbeidet i styremøter i januar, mars og mai 2018.

Høyringsinnspel frå ekstern høyringsrunde
Studieplan og 1.utkast av emneskildringar er sendt ut på ekstern høyring i mai 2018 i lag med med master i fysioterapi og master i helsesøsterfag. Høyringsinstansar har vore fagforeiningar, KS, Helse-Nord, universitet og høgskular og studentorganisasjon ved UiT. Vi har fått høyringssvar frå klinisk utdanningsutvalg UNN, Kvinneklinikken UNN-Tromsø og jordmorutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Faglege innspel er i stor grad retta mot bruk av omgrep og mindre setningsendringar. Fagmiljøet har gått gjennom lista og gjort endringar vi fann nødvendige.

Frå jordmorutdanninga i Bergen (HV) etterlyser dei eit sterkare fokus på familieperspektiv og far/medmors rolle, og dei poengterer at vi har potensiale for å framheve Nord-Norsk fødselsomsog og samisk/urbefolkningsperspektiv sterkare i planen. Å spisse master i jordmorfag inn mot arktisk jordmorfag og reproduktiv helse samt urbefolkningsperspektiv er eit langsiktig arbeid i fagmiljøet. Vi er einige i innspelet og kjem til å jobbe med dette i det konkrete faglege arbeidet framover. Familieperspektivet er tatt inn i større grad på emnenivå

Klinisk utdanningsutvalg ved UNN poengterer at det er viktig at det blir opna for innpass på master for eldre utdanningsløp. OsloMet og Universitetet i Sør-Øst Norge tilbyr innpass der jordmødrer kan bygge på tidlegare utdanning og oppnå mastergrad ved å ta 10 studiepoeng metode og skrive ei masteroppgåve på 30 (60) studiepoeng. I denne søknaden om master i jordmorfag er ikkje ordningar for innpass inkludert. Det kan vera aktuelt å søkje om på eit seinare tidspunkt når masterutdanninga er etablert.

Organisering av studietilbudet

- Gjør rede for om det i studieprogrammet skal gis ordinær undervisning (ved ett eller flere av UiTs studiesteder), desentralisert undervisning, samlingsbasert og/eller nettstudium.

Master i jordmorfag vekslar mellom teorisamlingar og praksisperiodar der studentane er utplassert i klinisk verksemd. I teoriemne er studentane samla til ordinær undervisning på Campus Tromsø. I praksisemne er studentane utplassert på helseføretak og i kommunar i Nord-Noreg.

- For studieprogram med studentgrupper som er geografisk spredt, studieprogram hvor det forventes få studenter og studieprogram som tilbys på nett, samlingsbasert og/eller på deltid, skal det her gjøres kort rede for hvordan det skal legges til rette for å sikre et tilfredsstillende læringsmiljø samt faglig samhandling mellom studentene og/eller med studentene og fagmiljøet (jf. studietilsynsforskriften § 2-2 (5)).

Teoriperiodane er fagleg komprimert. All timeplanfesta undervisning er obligatorisk. Samhandling og studentaktivitet er vektlagt. Studentane får trening i å diskutere og formidle fag, utøve faget i simulerte situasjonar og reflektere over faglege og etiske utfordringar. I praksisemne har studentane fagleg samhandling med lærarrettleiar og medstudentar gjennom Canvas. Midt- og sluttvurdering er formelle møtepunkt mellom lærarrettleiar, student og rettleiingsjordmor (utreise til praksisplass eller telefon/skype). Fagmiljøet har låg terskel for kontakt og dialog med studentane når behovet er der.

Studieprogrammet

1. **Informasjon** om studieprogrammet skal være korrekt, vise programmets innhold, oppbygging og progresjon, samt muligheter for studentutveksling. (jf. studietilsynsforskriften § 2-1 (2))

Merk: Fakultetet og studieprogramledelse har ansvar for at all informasjon, både studieplanen og øvrig informasjon om studieprogrammet på nett og andre steder, til enhver tid er korrekt, oppdatert og lett tilgjengelig.

- Studieplanen legges ved søknaden, og skal være utformet i henhold til UiTs mal for studieplaner, se https://intranett.uit.no/intranett/vis-artikkel/406021/ressursside_for_oppretting_av_nye_studieprogram_o ✓

Studieplan og fullstendige emneskildringar vil bli publisert på nett i henhold til gjeldande regelverk og UiT sine prosedyrer.

2. **Læringsutbyttet** for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), og studietilbudet skal ha et dekkende **navn** (jf. studietilsynsforskriften § 2-2(1))

Merk: Punktene her kan være krevende å besvare, og fagmiljøet/studieprogramledelsen anmodes om å bruke tilstrekkelig tid til å gi gode faglige vurderinger og refleksjoner. Alle studietilbud skal følge de generelle læringsutbyttebeskrivelsene som ligger i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) når de fagspesifikke beskrivelsene utformes og fastsettes. For å få til gode fagspesifikke læringsutbyttebeskrivelser, er det en forutsetning at utviklingen av læringsutbyttebeskrivelser er forankret og utarbeidet i fagmiljøene. Beskrivelsene skal være fagspesifikke kompetansebeskrivelser, skal reflektere studieprogrammets faglige profil, og skal

være beskrevet konkret nok til at studentene og arbeidslivet kan bruke dette til å kommunisere om kompetanse. Studieretninger kan ha separate læringsutbyttebeskrivelser (nytt fra 2017).

- Gi en vurdering av hvordan studieprogrammets navn er dekkende for studiets innhold og nivå.

I tilbakemeldinga på trinn 1 søknad om oppretting av master i jordmorfag er vi oppmoda til å gi masterprogrammet ein kjønnsnøytral tittel. Kjønnsbalansert språk er eit mål i samfunnet – så langt som mogeleg. Språkrådet viser til at jordmor er eit av få yrke der man ikkje har kome fram til gode kjønnsnøytrale alternativ. Det har vore fremja mange forslag dei siste åra, men det har vist seg vanskelig å finne eit godt og presist alternativ som dekkjer bredda i yrkesutøvinga. Namneval og utfordring med kjønnsbalanse er diskutert i arbeidsgruppe og styringsgruppe, og deltakarane har sett dette opp mot føringar for namneval på studiar.

Masterprogram i jordmorfag er ei profesjonsutdanning som fører fram til autorisasjon og beskytta yrkestittel som jordmor. Alle emne og læringsutbytte er relatert til jordmorfag og –verksemd i tråd med dette. UiT vektlegg i mal for studieplan at namnet på eit studieprogram skal kommunisere med studentar, arbeidsgjevarar og samfunnet. Namnevalet skal vidare reflektere profil, innhald og læringsutbytte. I følgje § 2-2 (1) i studietilsynsforskrifta skal namnet vera dekkande for sentrale delar av det faglege innhaldet. Master i jordmorfag som tittel reflekterer profil, fagleg innhald og læringsutbytte i utdanninga på ein presis måte. Namnevalet er tydeleg relatert til yrket, noko som er viktig i rekruttering av studentar som ønskjer å utdanne seg til jordmødrer. For arbeidsgjevar vil det vera godt synleg at jobbsøkande kandidatar har gjennomførd ei jordmorutdanning på masternivå.

Kvinnehelse er del av jordmorfaget og har vore diskutert som eit aktuelt alternativ til jordmorfag i programtittelen. Frå styringsgruppa er det peika på at omgrepet har ei heilt anna bredde enn det som ligg i jordmorutdanninga sine læringsmål. Kvinnehelse som fagområde famnar alt frå reproduksjon til kjønnsperspektiv i helseøkonomi og –politikk og kvinneperspektiv på sjukdommar som til dømes kreft, hjerte/kar sjukdom og kroniske sjukdommar. Svært lite av dette er del av fagområdet til jordmor. Arbeidsgruppa har etter innspelet frå styringsgruppa vurdert at ein tittel som master i kvinnehelse ikkje viser til sentralt innhald i utdanninga, og dermed ikkje oppfyller krav i studietilsynsforskrifta. Arbeidsgruppa har heller ikkje lukkast å finne andre aktuelle alternativ til jordmorfag i tittel som samstundes vil vera i tråd med krav i studietilsynsforskrifta.

Eit samla fagmiljø, med full støtte i styringsgruppe, stiller seg bak namnevalet master i jordmorfag til tross for at dette ikkje er eit kjønnsnøytralt namn. Den dagen yrket får ny profesjonstittel vil det vera naturleg at masterprogrammet byter namn i tråd med dette.

- Fyll inn vedlagte tabell 1 for å vise sammenhengen mellom NKR og studieprogrammets læringsutbyttebeskrivelse.

- Med henblikk på utfylt tabell, gi en kort vurdering av hvordan læringsutbyttet og læringsutbyttebeskrivelsen er i samsvar med kravene i NKR.

Fagleg innhald i masterprogrammet kjem fram i studieplan og emneskildringar. Studieplan for master i jordmorfag er bygd opp med læringsbytte skildra i kunnskap, ferdighet og generell kompetanse. Jordmorutdanning er ei profesjonsutdanning med bachelor i sjukepleie som opptakskrav. Jordmorfaget er dermed eit nytt fagfelt for studentane og enkelte læringsutbytteskildringar på emnenivå tidleg i studie er frå nivå 6 (bachelor). Det totale læringsutbytte er på nivå 7 (master). Teori og praksisemne er bygd opp med gjensidig samanheng i læringsutbytte. Emne frå eit semester bygger taksonomisk på tidlegare emne slik at 2.semester bygger vidare på 1.semester osv. Krav frå Rammeplan med forskrift for jordmorutdanning er implementert i form av læringsutbytte i studieplan og i dei ulike emneskildringane.

Lenke til kvalifikasjonsrammeverket for høyere utdanning
Lenke til engelsk oversettelse av nivåer og læringsutbyttebeskrivelser

3. Studietilbudet skal være **faglig oppdatert**, og ha tydelig **relevans** for videre studier og/eller arbeidsliv. (jf. studietilsynsforskriften § 2-2 (2))

Merk: Kravet om at studieprogrammet er oppdatert, innebærer at det er oppdatert innenfor kunnskapsutviklingen i både akademia og profesjons-, arbeids- og/eller samfunnsliv. Relevans og oppdatert kunnskap innen profesjons-, arbeids- og/eller samfunnsliv skal sikres gjennom ordninger for systematisk samhandling med arbeids- og/eller samfunnsliv tilpasset studieprogrammets innhold og nivå.

- Gi en vurdering av hvordan studieprogrammet er faglig relevant for arbeids- og samfunnsliv, videre studier eller begge deler.

Jordmorfag- og verksemd er eit eige fagområde med ei spesifikk yrkeskompetanse innan det helsefaglege området. Jordmødre blir rekna som ei essensiell yrkesgruppe i det helsefremjande arbeidet innan reproduktiv kvinnehelse og for å sikre høg kvalitet i oppfølging av mødrer og born nasjonalt og internasjonalt. I arbeidet med å lage studieplan har arbeidsgruppa aktivt nytta tilgjengelege styrings-, fag- og verdidokument frå internasjonale organisasjonar som International Confederation of Midwifes (ICM) og WHO i tillegg til nasjonale politiske og faglege styringsdokument. Dette for å sikre at utdanninga er i tråd med internasjonale og nasjonale føringar for faget.

- Gi eksempler på mulige yrker og videre studier.

Jordmor er ein nasjonal og internasjonal (eng: Midwife) profesjonstittel som gir rett til å utøve klinisk jordmorfagleg hjelp knytt til familieplanlegging, svangerskap, fødsel og barseltid i spesialisthelseteneste, kommunehelseteneste, privat sektor og i eiga privat praksis (inkludert heimefødsel). Seksuell og reproduktiv helserådgivning på ulike nivå i sammfunnet er døme på andre retningar som er aktuelle. Jordmødrer kan vera tilsett i statleg sektor innan universitet og høgskule eller til dømes som rådgjevar i departement og tilsynsorgan. Internasjonalt er det stort behov for jordmødrer (The lancet). Gjennom EØS-avtalen

kvalifiserer norsk autorisasjon til yrkesutøving i Europa. Fleire internasjonale hjelpeorganisasjonar som Røde Kors og Leger uten grenser rekrutterer aktivt jordmødrer til internasjonalt arbeid.

Master i jordmorfag kvalifiserer for relevante Ph.d studiar. Døme på aktuelle tilleggsutdanningar kan være innan psykisk helse, sexiologi, migrasjons- og internasjonal helse, epidemiologi, pedagogikk, leiing og rettleiing.

- Beskriv hvordan fagmiljøet vil arbeide systematisk for å sikre at studieprogrammet til enhver tid er relevant og faglig oppdatert.

Fagleg innhald vil vera kvalitetssikra av kvalifisert vitskapeleg personell, kvalifiserte rettleiingsjordmødrer og tett dialog mellom utdanning og praksisfeltet. Studieleiar har oppretta rådgjevande organ som er samansett av vitskaplege tilsette, studentar og representantar frå klinisk praksis. Mandat er å behandle faglege og organisatoriske endringar, årleg gjennomgang av evalueringsrapportar og diskutere andre saker der studieleiar ønskjer råd. Utdanninga har kombinerte stillingar i 20 % ved UNN Tromsø og Nordlandssykehuset Bodø. Stillingane er ei viktig kommunikasjonslinje mellom utdanning og klinisk verksemd.

4. Studietilbudets **samlede arbeidsomfang** skal være på 1500-1800 timer per år for heltidsstudier (jf. studietilsynsforskriften § 2-2(3))

Merk: Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng, og har et samlet arbeidsomfang på 1500-1800 timer, fordelt på kategoriene tilrettelagt undervisning, selvstudium og eksamensforberedelser. Hvor mye selvstudium det legges opp til i et studieprogram, vil variere med studieprogrammets profil. Se også i NOKUTs veiledning for nærmere beskrivelser av dette kravet.

- Angi studentenes arbeidsomfang i studieprogrammet, fordelt på kategoriene:

    a. organiserte læringsaktiviteter (forelesninger, seminarundervisning, laboratoriearbeid, veiledning, praksis m.v): x 1715 timer (inkludert 1310 timer klinisk veiledet praksis)
    b. selvstudium: 1530 timer (inkludert arbeid med masteroppgave minus veiledning)
    c. eksamensforberedelse: 315 timer (inkludert obligatoriske skriftlige arbeidskrav)
    d. annet: x timer

For detaljar, sjå Tabell 2

Arbeidsomfang

NOKUT legg til grunn at eit samla arbeidsomfang for eit studieår er 1500-1800 timar. Master i jordmorfag vil vera ein krevjande studie. Studentane skal i løpet av to år både lære seg eit nytt fagfelt og fordjupe seg i faget. Det er essensielt for gjennomføring at studentane som byrjar på studien har eit realistisk bilete av kva som er forventa av dei. I studieplanen er det derfor angitt at studentane må forvente å jobbe 1800 timar per studieår (i snitt 45 timar per veke) for å nå læringsmåla.

- Med bakgrunn kategoriseringen overfor; gi en kort vurdering av hvordan det er sikret balanse mellom selvstudium og organiserte læringsaktiviteter i studieprogrammet, som er tilpasset programmets profil og som vil gjøre det mulig for studenten å oppnå det fastsatte læringsutbyttet.

Læringsaktivitetar i studieprogrammet vekslar mellom teoriundervisning på Campus og praksisperiodar. Sjølvstudium er forventa gjennomførd parallelt med dei organiserte læringsformane. Undervegsvurdering i form av arbeidskrav (teoriemne), kontinuerleg rettleiing (praksis) og midtvurderng (praksis) skal sikre at studentane er i ein aktiv læreprosess. Arbeidskrav må vera godkjende før studentane kan gå opp til eksamen. Det vises til studieplanen for ytterlegare informasjon om arbeidskrav og vurdering av desse. Skriving av masteroppgåve krev stor eiga innsats frå kandidaten. Det vil bli lagt opp til rettleiingsseminar og individuell rettleiing underveg i arbeids- og skriveprosessen.

5. Studietilbudets **innhold, oppbygging og infrastruktur** skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet (jf. studietilsynsforskriften § 2-2 (4))

Merk: Dette avsnittet kan være krevende å besvare. Fagmiljøet og studieprogramledelsen anmodes om å bruke tilstrekkelig tid til å gi gode faglige vurderinger og refleksjoner. Fakultetet har ansvar for å informere og samarbeide med Universitetsbiblioteket (UB) om ev. forhold omkring opprettelsen av studieprogrammet som involverer UB og dets tjenester. Oppretting av studieprogram innen nye fagområder kan medføre behov for oppbygging av litteratursamling mv. Fakultetet har også ansvar for å informere og samarbeide med Avdeling for IT om eventuelle forhold som involverer avdelingen og de tjenester avdelingen tilbyr.

- Beskriv hva som er de sentrale fagområdene i studieprogrammet. Sentrale fagområder beskriver det som er det unike faglige fokus i studieprogrammet - også sett i sammenheng med lignende studieprogram nasjonalt eller internasjonalt. Dette punktet må ses i sammenheng med punkt 14 nedenfor.

Det sentrale fagområdet i master i jordmorfag er jordmorfag og –verksemd. Jordmorfag har ein nasjonal og internasjonal yrkesspesifikk definisjon, grunnlagstenking, etikk og filosofi for god praksis. Andre fag som inngår er anatomi, fysiologi, embryologi, farmakologi, reproduktiv kvinnehelse, obstetrikk, gynekologi, psykologi, pediatri, jus med mer. Jordmorutdanning i Europa er underlagt EU's yrkesdirektiv. I Noreg er utdanninga rammeplanstyrt inkludert sentrale fagområder og støttefag. I studieplanen er det redegjort for fagleg og internasjonal forankring i jordmorfag

- Gi en vurdering av hvordan studieprogrammets emner, innhold og oppbygning gir grunnlag for læringsutbyttet. Dette kan gjerne illustreres ved hjelp av vedlagte tabell 3.

Sjå tabell 3

- Beskriv hva slags infrastruktur, annet utstyr og støttefunksjoner som er nødvendig for at studenten skal kunne oppnå læringsutbytte. Begrunn at nødvendig infrastruktur er tilgjengelig og dimensjonert i forhold til antall studenter.

For infrastruktur vises det til etablerte system på universitets-, fakultets- og instituttnivå.

6. **Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer** skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen (jf. studietilsynsforskriften § 2-2 (5))

Merk: Punktene i dette avsnittet er krevende å besvare. Fagmiljøet og studieprogramledelsen anmodes om å bruke tid til å gi gode faglige vurderinger og refleksjoner. Det forutsettes at undervisnings-, lærings- og vurderingsformen er tilpasset et digitalisert samfunn.

- Begrunn valg av undervisnings-, lærings- og vurderingsformer, og hvordan disse gir grunnlag for at studentene oppnår læringsutbyttet.

Master i jordmorfag nyttar ei rekkje ulike undervisnings-, lærings- og vurderingsformar. Aktuelle læringsaktivitetar er eigna til å utvikle forståing for samanheng mellom praktisk utøving av jordmorfag og teoretisk forståing for fordjuping, inkludert bruk av vitskapleg teori og forskingsmetode. Undervisninga er og retta mot modning, profesjonsdanning, relasjonskompetanse og etisk merksemd. Pedagogisk støtter utdanninga seg på eit sosiokulturelt læringsperspektiv.

Det er stor bredde i læringsaktivitetar slik at studentane skal oppnå læringsutbytte i kvart enkelt emne og i studieplanen. Fagmiljøet har gjort greie for ulike undervisnings, lærings og vurderingsformer i studieplanen.

- Begrunn hvordan de valgte vurderingsformene er egnet til å måle om studenten har oppnådd studieprogrammets læringsutbytte.

Master i jordmorfag nyttar summativ og normativ vurdering. I teoriemne er arbeidskrav del av ei undervegsvurdering. Vurderinga (godkjent/ikkje godkjent) er knytt til læringsutbytteskildringar. Eksamen er sluttvurdering. Eksamensform (skuleeksamen/heimeeksamen) er vurdert utifrå emnets læringsutbytteskildringar. I praksisemne byggjer vurderinga på sjølvvurdering frå studenten, vurdering frå rettleiingsjordmor og faglærar. Personleg mål for praksis, sjølvvurdering før midt- og sluttvurdering er obligatoriske arbeidskrav. Tekstane skal vera i tråd med læringsutbytteskildringar for praksisemnet.

- Gi en vurdering av hvordan det skal legges til rette for at studentene kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.

Studentane kan ta del i læringsprosessen på ulike vis i utdanninga. Timeplanfesta undervisning er planlagt med studentaktive læringsformer. I praksisperiodane utfører studentane jordmorfaglege oppgåver under rettleiing. Utdanninga vektlegg og legg til rette for kontinuerleg refleksjon over faget og eiga læring. Studentevaluering gir studentane ei aktiv rolle i kvalitetssikring av innhald og læringsformer i utdanninga.

7. Studietilbudet skal ha relevant **kobling til forskning** og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid, og faglig utviklingsarbeid (jf. studietilsynsforskriften § 2-2 (6) og universitets- og høgskoleloven § 1-3 a))

Merk: Dette kravet handler om at fagmiljøet skal kunne framvise en tilstrekkelig relevant og gjensidig kopling mellom studieprogrammet og virksomheten innen forskning og faglig og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid, samt hvordan studentene introduseres for forskning og faglig og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid i løpet av studiet. Flere av punktene i NKR er relatert til dette kravet. Det kan være nyttig å se i tilsynsrapporter fra NOKUT for eksempler på hva som ligger i dette kravet.

- Beskriv hvordan studentene vil møte forskning og faglig og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid i studieprogrammet. Begrunn at studieprogrammet har en relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid, og faglig utviklingsarbeid.

Kunnskapsbasert praksis (KBP) viser til forsking som eit av fleire kunnskapskjelder i klinisk praksis. Gjennom fokus på KBP vil studentane sjølv innhente, kritisk vurdere og bruke forsking aktivt gjennom heile studiet. Studentane vil møte forsking i undervisning og som grunnlag for prosedyrar og faglege rettleiarar. I utdanninga vil utviklingsarbeid, kvalitetsforbetringsprosjekt og nytenking bli sett i samanheng med KBP. Jordmorstudentar er ikkje inkludert i fagmiljøtes forsking i dag, men dette er eit framtidig mål. Ved OsloMet opplever dei ei auke i førespurnad frå praksisfeltet om å rekruttere masterstudentar til kvalitetsforbetringsprosjekt i klinikk. Samarbeid med praksisfeltet relatert til forsking og kvalitetsforbetring vil vera eit fokusområde også ved UiT når masterstudien er oppretta.

8. Studietilbudet skal ha ordninger for **internasjonalisering** som er tilpasset studietilbudets nivå, omfang og egenart (jf. studietilsynsforskriften § 2-2 (7))

Merk: Ordninger for internasjonalisering kan omfatte ulike aktiviteter og tiltak, eksempelvis bruk av internasjonal litteratur, internasjonale gjesteforelesere, utenlandske studenter på innveksling, studenters deltakelse på internasjonale konferanser/workshops osv.

- Beskriv ordninger for internasjonalisering, og gi en vurdering av hvordan dette bidrar til å sette studieprogrammet i en internasjonal kontekst. Herunder beskriv spesielt hvordan internasjonalisering ivaretas for studenter som ikke reiser på utveksling. Begrunn hvorfor ordningene for internasjonalisering er relevante for studieprogrammet

Jordmor er eit globalt yrke som i tråd med samfunnet si utvikling stiller krav til kulturell kompetanse, sensitivitet og merksemd. Jordmorfagets litteratur er i betydelig grad basert på internasjonale og engelskspråklige resursar. Studentane jobbar med pensumlitteratur på engelsk og internasjonal forsking gjennom heile studiet. Jordmorutdanninga har tradisjon for at lærarar og studentar søkjer opp og samarbeider internasjonalt gjennom formelle utvekslingsavtaler og gjennom deltaking og formidling på internasjonale kurs og konferansar.

Utdanninga har eit etablert samarbeid i Nord- Europa og inngår som aktiv part i fleire gjensidige utvekslingsavtalar for student- og lærarutveksling og fag- og forskings samarbeid. Samarbeidet er etablert med jordmorutdanningar og relatert til jordmorfag- og verksemd. Jordmorutdanninga har 4-6 studentar årleg på innveksling (praksisstudiar). Det er eit mål at innvekslingsstudentar skal ha kontakt med jordmorstudent på UiT i form av faddertilknyting eller liknande. For studentar som ikkje kan gjennomføre fleire veker av utdanninga si i utlandet arrangerer Freja nettverket internasjonale fagkurs på 3 studiepoeng der lærarar og 2 studentar frå kvart av samarbeidslanda er samla til undervisning, dialog og erfaringsutveksling.

9. Studietilbud som fører fram til en grad skal ha ordninger for **internasjonal studentutveksling**. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant (jf. studietilsynsforskriften § 2-2 (8))

Merk: Kravet om å tilby studentutveksling gjelder for alle gradsgivende studietilbud. Relevansen av utvekslingsavtalen/-oppholdet skal være sikret av studie-programmets fagmiljø. Det ikke er et krav at avtalene er på studieprogramnivå. Avtalene kan være på institusjons-/fakultets-/instituttnivå, men de må være faglig relevante. Det er ingen krav til lengden på utvekslingen.

- Beskriv ordninger for studentutveksling, når i studieprogrammet utveksling kan finne sted, og gi en vurdering av avtalenes faglige relevans med henblikk på studieprogrammets totale læringsutbytte, nivå, omfang og egenart. Kopi av utvekslingsavtale(r) for det omsøkte studieprogrammet skal legges ved.

Studentutveksling er mogeleg i praksisemne frå og med 2.semester. Omfang av utveksling i dagens jordmorutdanning er at 1 til 4 studentar frå kvart kull gjennomfører minst eit praksisemne i utlandet i løpet av studiet. Jordmorutdanninga har ikkje tilbod om utveksling i teoriemne. Med eit etablert masterprogram vil fagmiljøet sjå på om det er mogeleg å opne for internasjonalt samarbeid kring emne i vitskapsteori, metode og masteroppgåve.

Oversikt internasjonalt samarbeid pr. i dag

Nordplus nettverk Rosa-Linnea – tverprofesjonelt nettverk. Jordmorutdanninga har vore medlem i nettverket frå 2002	
• Arcada polytechnic, Finland, • University College of Skövde, Sverige, • Linköping University, Sverige, • Lithuanian University of Health Sciences, Litauen,	• Gjensidig studentutveksling i praksisstudiar • Lærarutveksling • Forskingssamarbeid i planleggingsfase

• University College of Nordjylland, Danmark	
Nordplus nettverk Freja – nettverk for jordmorutdanningar etablert i 2004	
• University College of Nordjylland, Danmark, • Yrkeshögskolan Novia, Finland, • Umeå University, Sverige	• Gjensidig studentutveksling i praksisstudiar • Lærarutveksling • Samarbeid fag-forskingsprosjekt • Internasjonalt fagkurs (3 studiepoeng) for jordmorstudentar. Kurset har vore gjennomførd tre gonger med støtte frå Nordisk ministerråd. Nytt kurs er underplanlegging for 2019
Erasmus avtaler – opne samarbeids- og fagavtalar i regi av UiT og HelseFak. Jordmorutdanninga har konkrete avtalar i Erasmus:	
• Professionshøyskolen Metropol - Metropolitan University College, Danmark • University College SYD, Danmark	• Gjensidig studentutveksling i praksisstudiar
Free mover – jordmorutdanninga har tilrettelagt og kvalitetssikra praksisstudiar i Palestina, USA, Zambia og Tanzania for studentar som på eiga initiativ har hatt ønskje om utreise og dette ikkje har vore omfatta av etablert samarbeidsavtale	

